



# SELJE KOMMUNE

## Driftsutvalet

### Møtebok

**Møtedato:** 19.08.2013

**Møtetid:** Kl. 15:00 – 17:20

**Møtested:** Kommunehuset, 3.etage

**Saksnr.:** 036/13 - 045/13

---

#### **Følgjande medlemmer møtte**

KRF: Stein Robert Osdal. TP: Gunnar Silden, Stine Aase Myhre, Terje Ødegård.

FRP: Marit Swensen

---

#### **Følgjande medlemmer møtte ikkje**

FRP: Svein Hansen. H: Eva Janne T. Årvik

---

#### **Følgjande varamedlemmer møtte**

FRP: Ove Swensen. H: Magny H. Myklebust

---

#### **Følgjande frå administrasjonen møtte**

Leiar Kommunalteknikk Terje Nybakk førte møteboka i sak 36/13-40/13 + sak 45/13.

Kommunalsjef Oppvekst Bård Fløde førte møteboka i sak 41/13-44/13.

---

#### **Merknad til innkallinga**

Ingen

---

#### **Merknad til saklista**

---

Driftsutvalet vedtok samrøystes å handsame fylgjande tilleggssaker:

Sak 042/13 Hjortejakta 2013 – Klage på tildeling – Sneide-Enerhaug jaktvald

Sak 043/13 Hjortejakta 2013 – Klage på tildeling – Teigen-Kjøde lille jaktvald

Sak 044/13 Hjortejakta 2013 – Klage på tildeling – Borgundvåg vald og Tungevågvald

Sak 045/13 Standardheving kommunale vegar 2013. Evt. ekstra asfaltlegging

Sak 045/13 vart handsama etter sak 040/13.

7 voterande

## Følgjande saker vart handsama

<b>Sak nr.</b>	<b>Sakstittel</b>
036/13	Godkjenning av møtebok
037/13	Delegasjonssaker
038/13	Referatsaker
039/13	Gjestebrygge Seljevågen - Kaileige
040/13	Dagmar-uværet 25.12.11 - Restfinansiering, oppryddingstiltak - kommunaltekniske anlegg
041/13	Lokal forskrift om skulekrinsar i Selje kommune
042/13	Hjortejakta 2013 - Klage på tildeling - Sneide - Enerhaug jaktvald
043/13	Hjortejakta 2013 - Klage på tildeling - Teigen-Kjøde, lille jaktvald
044/13	Hjortejakta 2013 - Klage på tildeling - Borgundvåg vald og Tungevåg vald
045/13	Standardheving kommunale vegar 2013. Evt. ekstra asfaltlegging

**Tilleggsaker:** Sak 042/12, 043/13, 044/13, 045/13

**Utskrift protokoll:** Medlemmar, møtande varamedlemmar, biblioteka, abonnentar

**Utskrift møtebok:** Abonnentar, kontrollutvalet, kommunekassa, revisor

**Signatur:** \_\_\_\_\_



## SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	19.08.2013	036/13
Sakshandsamar: Unni Eltvik Hovden	Arkiv: FE-	Arkivsaknr 13/475

### Godkjenning av møtebok

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
28.06.2013	Møtebok KU 24.06.2013	47172
27.05.2013	Møtebok KU 23.05.2013	46081

#### TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN:

Møtebok frå møte 23.05.13 og 24.06.13 vert godkjent slik dei ligg føre.

#### **Handsaming i Driftsutvalet - 19.08.2013**

7 voterande

Korrigerings – Møtebok 24.06.13

Merknad (første side) skal lyde slik:

Terje Ødegård ønsker at møter kan holdast på dei ulike einingane.

Marit Swensen ynskjer å besøke dei ulike einingane.

Driftsutvalet er samde om å lage ein plan over møte på einingane.

#### KU-036/13 VEDTAK

Møtebok frå møte 23.05.13 vert godkjent slik den ligg føre.

Møtebok frå møte 24.06.13 vert godkjent slik den ligg føre og med fylgjande endring:

Merknad:

Terje Ødegård ønsker at møter kan holdast på dei ulike einingane.

Marit Swensen ynskjer å besøke dei ulike einingane.

Driftsutvalet er samde om å lage ein plan over møte på einingane.

Samrøystes.



## SELJE KOMMUNE

<b>SAKSGANG</b>		
<b>Styre, råd, utval</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr</b>
Driftsutvalet	19.08.2013	037/13

<b>Sakshandsamar:</b> Unni Eltvik Hovden	<b>Arkiv:</b> FE-	<b>Arkivsaknr</b> 13/473
---	----------------------	-----------------------------

### Delegasjonssaker

**DKU. 018/13: Gbnr. 56/205 - Byggsak - Tilbygg bustadhus - Kjetil Nøstdal**

**DKU. 043/13: Vilt 2013 - Skadefelling - Rev - Agnar Håvik**

**DKU. 045/13: Gbnr.83/8 - Byggsak - Garasje - Løyve til tiltak - Marius J. Svoren**

**DKU. 050/13: Gbnr.35/21 - Lokal godkjenning - Antennemast - Telenor Norge AS**

**DKU. 058/13: Gbnr. 51/12 - Byggsak - Hytte - Løyve til tiltak- Kari Fure**

**DKU. 060/13: Gbnr 83/16. - Byggsak - Tilbygg lager - Løyve til tiltak - Kvernevik AS**

**DKU. 062/13: Gbnr. 56/37 - Byggsak - Tilbygg - Løyve til tiltak - Idar Taklo**

**DKU. 067/13: Gbnr. 45/62 - Utsleppsløyve - Bustadhus/Garasje - Vebjørn Ervik**

**DKU. 072/13: Gbnr 55/9 - Byggsak - Vinterhage - Søknad om tiltak - Jan Pedersen**

**DKU. 075/13: Gbnr. 21/28 - Igangsettingsløyve - Tilbygg barnehage - Selje kommune**

**DKU. 082/13: Gbnr.24/41 - Byggsak - Vinterhage - Løyve til tiltak - Egil Hafsås**

**DKU. 083/13: Gbnr. 25/56 - Byggsak - Sandra Borgundvåg**

**DKU. 087/13: Produksjonstilskot - manuell utbetaling av avløysartilskot - Øystein Bakke Kongsvik**

**DKU. 088/13: Gbnr. 45/4 - Konsesjon - Geir Ole Ervik**

**DKU. 090/13: Søknad om flytting av elev frå 5. til 6. klassetrinn -- vedtak**

**DKU. 091/13: Vilt 2013 - Skadefelling - Rev - Agnar Håvik**

**DKU. 092/13: Gbnr. 90/16 - Byggsak - Påbygg bustadhus - Søknad om tiltak - Rune Frøholm**

**DKU. 093/13: Gbnr. 58/63 - Byggsak - Garasje - Søknad om tiltak utan ansvarsrett - Trond Grøttå**

**DKU. 094/13: Vedtak om vaksenopplæring for skuleåret 2013 - 2014**

**DKU. 097/13: Vedtak om vaksenopplæring for skuleåret 2013 - 2014**

**DKU. 098/13: Skadefelling - Vilt 2013 - Rev - Øystein Kostøl Amdam**

**DKU. 099/13: Gbnr. 21/2 - Delingssak - Grunneigedom - Hildegunn Hagen**

**DKU. 100/13: Gbnr. 81/29 - Avkøyrsløyve - Fritidshus - Doris Anne Eide**

**DKU. 101/13: Gbnr 80/4 - Delingssak - Naust - Andreas Rundereim - handsaming etter jordlova**

**DKU. 102/13: Gbnr. 41/2 - Delingssak - Bustadhus - Frode Svedhaug - handsaming etter jordlova**

**DKU. 103/13: Gbnr. 45/11 - Byggsak - Bustadhus / Garasje - Jon Borge Frogner & Helle Frogner - Endring av ansvarsrett**

**DKU. 105/13: Gbnr. 13/28 - Byggsak - rekkverk og vinterhage - Geir-Rune Aarsheim**

#### **TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN**

Delegerte saker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

#### **Handsaming i Driftsutvalet - 19.08.2013**

7 voterande

#### **KU-037/13 VEDTAK**

Delegerte saker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

Samrøystes.



# SELJE KOMMUNE

## SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	19.08.2013	038/13

<b>Sakshandsamar:</b> Unni Eltvik Hovden	<b>Arkiv:</b> FE-	<b>Arkivsaknr</b> 13/474
---	----------------------	-----------------------------

## Referatsaker

### Refererte skriv og meldingar:

Nr	Dok.ID	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	13/3541	I	09.07.2013	Sogn og Fjordane fylkeskommune	Trafikktryggleikspunkt
2	13/3625	I	12.07.2013	Linda Vetrhus	Uttale til asfaltering - gbnr. 89/136
3	13/2884	U	11.06.2013	Linda Vetrhus; Dag Rune Gjengedal; Arve-Martin Husevåg; Kenneth Pedersen; Trude Rundereim; Kjetil Vetrhus; Tore Ola Sundal; Kristian Nydal; Roger Nygård; Wanda Van Den Branden; Vegard Kvernevik	Asfaltlegging, bustadfelt Flatraket
4	13/3468	I	04.07.2013	Jannicke Nygård og Kristian Nydal	Asfaltlegging - Bustadfelt Flatraket
5	13/3532	I	02.07.2013	Trude Rundereim og Kenneth Pedersen	Asfaltlegging - gbnr 89/140
6	13/3547	I	10.07.2013	Arve Martin Husevåg	Asfaltering, tilbakemelding - gbnr.89/138

### Tilleggsreferat:

## TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Referatsaker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

### **Handsaming i Driftsutvalet - 19.08.2013**

7 voterande

#### **Tilleggsreferat:**

7. Statens vegvesen, dat. 25.07.13 – Høyringsbrev – Mindre endring av fartsgrensa før Leikanger tettstad.
8. Kjøp av teneste med Marin Harvest – grusing veg på Seljøya.

### **KU-038/13 VEDTAK**

Referat 1-6: Teke til vitande.

Referat 7: Leiar Kommunalteknikk sender fylgjande uttale til Vegvesenet:  
Viser til Dykkar skriv av 25.07.13, der De bed om uttale til framlegg om mindre endring av fartsgrensa før Leikanger tettstad.  
For det som gjeld regulering av fartsgrenser på fylkesvegar i Selje kommune, viser Driftsutvalet til gjeldande trafikktryggingsplan, vedteken i kommunestyret 21.02.2011, K-sak 004/11.

Referat 8: I samband med grusing av veg på Seljøya i 2013 vart det bestilt arbeid med Marin Harvest. Kostnaden med dette ynskjer ikkje Marin Harvest å fakturere for, men at beløpet heller skal gå til drift av gatelys i Selje sentrum. Melding går til økonomisjef og tenesteleiar Kommunalteknikk.

Samrøystes.



# SELJE KOMMUNE

## SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	19.08.2013	039/13

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Terje Nybakk	FA-P24	12/664

## Gjestebrygge Seljevågen - Kaileige

### Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
3	U	11.06.2013	Til den det måtte gjelde	Kaigebyr, Selje gjestehamn

### Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
12.07.2013	Regulativ 2013-Nordfjord Hamn.PDF	47569
16.07.2013	E-post-Hamnereg.-NH.docx	47634

### Saka gjeld

Kaigebyr, kommunal gjestebrygge i Seljevågen.

### Opplysningar til saka

Sakshandsamar har ved fleire høve hatt kontakt med lokale sjarkeigarar vedkommande kaileige ved kommunal gjestebrygge i Seljevågen.

Sjarkeigarane har ytra ønske om å kunne ha båtane sine liggande ved brygga, i allefall i utanom turistsesongen, utan å måtte betale ordinær kaiavgift som pr. 2013 er 150 kr. (<10m) / 200 kr. (>10m) pr. døgn inkl. straum/vatn/renovasjon.

På årsbasis vil dette bli ein altfor stor kostnad.

Sjarkane ønsker heller avtale om langtidsleige;- noko som også er heimla i kommunen sitt regulativ.

Dei som har henvendt seg hit, har no fått tilsendt eit skriv der dei vert oppmoda om å kome med evt. innspel, før sakshandsamar legg fram sak om kaigebyr/langtidsleige til politisk handsaming. Frist for å kome med innspel var sett til 15.07.13

Det har ikkje kome inn nye innspel innan fristen.



Sakshandsamar har hatt kontakt med Nordfjord hamn(NH) og fått oversendt Hamne-regulativet deira.

Her går mellom anna fram:

*For fartøyer under 15 meter som benytter seg av Nordfjord havn`s gjestekaier og andre kaianlegg, betaler følgende vederlag:*

*Båter opptil 35 fot Kr. 125,00 pr. påbegynt døgn*

*Båter fra 35 fot Kr. 200,00 pr. påbegynt døgn*

*Strømtilkopling for lader / kjøleskap Kr. 40,00 pr. tilkopling.*

*Strøm for oppvarming Kr. 3,00 pr. Kwh.*

*Anløp med varighet under 2 timer er fritatt for vederlag.*

*Båter fra distriktet som besøker Måløy for innkjøp og lignende er helt fritatt for vederlag.*

**Sjarkflåten betaler kr. 100,- pr. døgn inkl. strømtilkopling.**

Vi har vidare fått opplyst med NH at dei har enkeltavtaler med ein del sjarkar for lengre tids leige på kr. 1.000,- pr. måned eks. straum.

Sjarkar som har slik avtale kan då ligge ved dei kaiene som NH disponerer, men må forflytte seg om NH finn dette nødvendig.

I Selje kommune sitt gebyr-regulativet, pkt. 3, heiter det:

\*\*\*\*\*

### **3. BETALINGSSATSER FOR KOMMUNALE FLYTEBRYGGER**

- **Båtar < 10m, alle typer:** **kr. 150,- pr. døgn**
- **Båtar > 10m, alle typer:** **kr. 200,- pr. døgn**

#### **Merknad:**

Utanom turistsesongen, i tida 15.08.-15.06., er det for båtar inntil 10 m høve til å inngå særavtale om evt. langtidsligge i kommunal gjestehamn. Slik avtale kan inngåast og skal godkjennast av tenesteleiar for kommunalteknikk, og leggast fram for fagutvalet som referatsak.

Føresetnaden for langtidsligge er at dette elles ikkje skapar noko problem for ordinær bruk av bryggene. Atterhald om dette skal inntakast i evt. avtale.

I tidsrommet 1.10.-1.04. skal det vere generell avstenging av straum- og vassuttak for andre enn dei som har inngått særskilt avtale (td. avtale om langtidsligge).

\*\*\*\*\*

#### **Lover/regelverk**

REGULATIV, Kommunale gebyr og betalingssatsar.

## **Sakshandsamar si vurdering**

Sakshandsamar finn det fornuftig at det vert laga til ordningar for den lokale sjarkflåten og tilrår løysingar på vilkår som nemndt under.

Nedanfor er gjort ei opplisting for kva som bør vere med i ei evt. avtale og framlegg til satsar og vilkår:

- Begrensing i båtstorleik. Gjestebrygga er ei flytebrygge av stål og av eldre dato, bør ikkje vere for store båtar i haust/vinterhalvåret.
- Sjarkar inntil 11 m Ok, må kunne påleggast flytting om uvær trugar. Tlf.nr. som dei kan nåast på i tilfelle flytting.
- Fortrinnsvis ikkje inkl. straum, jfr. *Merknad* i regulativet.
- Utan avtale, døgnleige: 100 kr. inkl. straum / 75 kr. eks. straum.
- Med avtale: 1200 kr. pr. mnd. med straum / 800 kr. pr. mnd. utan straum.  
Min avtaleperiode 1 mnd.  
(i Vågsøy mange kaier, fleire alternativ = 1000 kr.. I Selje berre ei kai, eitt alternativ, = lågare leige).
- Brygga i Seljevågen er i utgangspunktet ei gjestebrygge. I ei evt. avtale bør difor takast med at lokale båtar må flytte om dette vert nødvendig pga. stort belegg.
- Tidsom: Som i regulativet, 15.08.-15.06.  
I turistsesongen, 15.06.-15.08., ordinære kaigebyr, 150/200 kr. pr. døgn

Kva med mindre båtar som færingar, plastjoller med storleik 4-5 m?

## **Konklusjon**

Evt. avtaler som vert inngått skal vere i tråd med sakshandsamer sine vurderingar i saka.

## **Saksgang**

Avtale om kaileige over lengre tid;- endeleg vedtak i driftsutvalet.

Døgnleige, endring av regulativet for sjarkar;- endeleg vedtak i kommunestyret.

## **TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN**

Driftsutvalet sluttar seg til vurderingane som er gjort i saksutgreiinga, og vedtek at evt. avtaler som administrasjonen inngår med sjarkflåten i samsvar med merknaden i kommunen sitt betalings-regulativ, så langt det er mogeleg, skal vere i tråd med desse vurderingane. Vidare skal avtalene i samsvar med regulativet, framleggast for utvalet som referat.

Når det gjeld endring i døgnleigesatsane gjeldande for sjarkflåten vert desse tilrådd i samsvar med sakshandsamar si vurdering, og oversendt kommunestyret for endeleg vedtak.

## **Handsaming i Driftsutvalet - 19.08.2013**

7 voterande

## **Framlegg frå Driftsutvalet:**

Som tilrådinga med fylgjande tillegg:

Vedtaket skal gjelde også for andre og mindre båtar enn sjarkar.

**Røysting:**

Samrøystes for framlegg frå Driftsutvalet.

**KU-039/13 FRAMLEGG**

Som framlegget frå Driftsutvalet.



# SELJE KOMMUNE

## SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	19.08.2013	040/13

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Terje Nybakk	FA-X53	12/83

## Dagmar-uværet 25.12.11 - Restfinansiering, oppryddingstiltak - kommunaltekniske anlegg

### Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
4	I	08.02.2012	Kommunalteknikk	Kommunalteknikk - Orientering om skader ved ekstremvær 25.12.11
3	U	13.02.2012	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Oversikt ekstraordinære utgifter etter ekstremveret Dagmar i Selje kommune
10	U	26.09.2012	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Kommunale utgifter etter ekstremveret Dagmar - oppfølging
12	U	22.10.2012	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Skadar etter uvêret Dagmar
11	U	22.10.2012	Selje Kommune	Skadar etter uvêret Dagmar, div. korreksjonar
16	U	03.01.2013	Selje Kommune	Dagmar-kompensasjon
13	I	03.01.2013	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Skjønnsmidlar til ekstraordinære utgifter etter ekstermvêret Dagmar i 2011
15	I	31.01.2013	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Selje kommune - oppfølging av utbetalte skjønnsmidlar for ekstraordinære utgifter etter ekstremvêret Dagmar i 2011
14	U	31.01.2013	fmsfktr@fylkesmannen.no,	Skadar etter uvêret Dagmar

### Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
17.07.2013	Dagmar1-rekneskap-13.Vedl.sak.xls	47661

## Saka gjeld

Restfinansiering av oppryddingstiltak på kommunaltekniske anlegg etter uværet Dagmar.

## Opplysningar til saka

Fylkesmannen har godkjent at kommunen kan få erstatning etter Dagmar-uværet med bakgrunn i eit kostnadsoverslag for utbetring av skadane på 1,43 mill. kroner.

Av dette beløpet får kommunen knappe 66 % eller 943.000 kr. i skade-erstatning.

Føresetnaden for erstatninga er at utbetringsarbeida vert avslutta innan 31.01.2014, og at kostnadane kan dokumenterast.

Erstatningsbeløpet er motteke og avsett på fond.

Evt. unytta midlar må tilbakebetalast.

## Finansiering

I 2012 utbetra kommunen skader for: 809.400,- kr.

Kostnad for attståande arbeid er då:  $1.430.000 - 809.400 = 620.600,-$  kr.

I denne summen ligg fylgjande prosjekt:

1.	Utbetring av skade på asfaltdekke , del av veg Drage – Fure,	- 230.000 kr.
2.	Utbetring resterande del av trekai, Klostervågen,	- 187.300 kr.
3.	Re-fendring av hurtigbåtkaia, Selje sentrum	- 150.000 kr.
4.	Utbetring av fleire lysanlegg, ma. mololys på Røyset,	- 53.300 kr.
<u>SUM:</u>		<u>- 620.600 kr.</u>

Prosjekt nr. 1 er innarbeidd/finansiert i rehabiliteringsprosjektet for kommunale vegar for 2013.

Ein står difor att med:  $620.600 - 230.000 = 390.600$  kr. som må finansierast.

Tilskotet på om lag 66 % av desse 390.600 kr., utgjer 257.600 kr.

Restbeløpet som må finansierast ved bruk av kommunale midlar vert då:

$$390.600 - 257.600 = \underline{133.000,- \text{ kr.}}$$

## Sakshandsamar si vurdering og konklusjon

Som del av totalerstatninga på 943.000 kroner inngår erstatning for ødelagt flytebrygge i Klostervågen;- storleik på erstatningsbeløpet er 122.000 kroner.

Ny flytebrygge er innkjøpt og finansiert ved låneopptak.

Med bakgrunn i ovanståande tilrår sakshandsamar at erstatningsbeløpet for ødelagt flytebrygge i Klostervågen vert nytta som kommunen sin eigenandel for skadeobjekt nr. 2, 3 og 4.

Ein står då att med ein restsum på kr. 11.000 som ikkje er finansiert.

Denne må ein prøve å dekke inn som eigenandel ved bruk av egne tilsette.

## Saksgang

Tilråding i driftsutvalet, endeleg vedtak i kommunestyret.

## **TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN**

Som finansiering av resterande oppryddingstiltak etter uværet Dagmar for det som vedkjem kommunaltekniske anlegg, skal nyttast erstatningsbeløpet som kommunen har motteke for ødelagt flytebrygge i Klostervågen, storleik kr. 122.000,-.

Resterande beløp på kr. 11.000,- vert å dekke inn ved bruk av eigne tilsette.

### **Handsaming i Driftsutvalet - 19.08.2013**

7 voterande

#### **Framlegg frå Driftsutvalet:**

Som tilrådinga med fylgjande tillegg:

Driftsutvalet ynskjer å sikre Seljesanden mot framtidige skader og vil oppfordre ordførar og rådmann til å få til dialog med OVF om å vere med på ein sikring av område på Seljesanden.

#### **Røysting:**

Samrøystes for framlegg frå Driftsutvalet.

#### **KU-040/13 FRAMLEGG**

Som framlegget frå Driftsutvalet.



# SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	19.08.2013	041/13
Formannskapet	21.08.2013	080/13
Kommunestyret	11.09.2013	

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Bård Fløde	FA-B12	12/1111

## Lokal forskrift om skulekrinsar i Selje kommune

### Dokumentliste

11

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	S	22.10.2012		Forskrift - Skulekrinsar i Selje kommune
2	I	30.10.2012	Ytre Stad skule og barnehage v/FAU	Klage på saksnr 049/12: Forskrift - Skulekrinsar i Selje kommune
3	U	18.12.2012	Dei som skal ha utskrift	Melding om vedtak - Forskrift - Skulekrinsar i Selje kommune
4	S	07.03.2013		Lokal forskrift om skulekrinsar i Selje kommune - Vedtak om høyring
5	I	11.03.2013	Foreldereutvalet - Ytre Stad skule og barnehage	Vedlegg til sak 011/13 i Driftsutvalet 14.03.13
6	U	19.03.2013	Høyringsinstansane	Høyringsbrev - Lokal forskrift om skulekrinsar i Selje kommune
7	I	22.04.2013	FAU Flatraket skule	Høyringsfråsegn
9	I	07.05.2013	Samarbeidsutvalet ved Flatraket Skule	Høyringsfråsegn
8	I	07.05.2013	FAU Flatraket Skule	Høyringsfråsegn
12	I	14.05.2013	Samarbeidsutvalet v/Stadlandet oppvekstsenter	Høyringsfråsegn
11	I	15.05.2013	Utdanningsforb. v/Flatraket skule	Høyringsfråsegn
10	I	15.05.2013	Selje Venstre	Høyringsfråsegn
16	I	15.05.2013	Elevrådet v/Flatraket skule	Høyringsfråsegn
15	I	15.05.2013	Utdanningsforb. v/Stadlandet Oppvekstsenter	Høyringsfråsegn
14	I	15.05.2013	FAU og SU v/Ytre Stadlandet skule og barnehage	Høyringsfråsegn

13	I	15.05.2013	Barmøy Bygdelag	Høyringsfråsegn
20	I	21.05.2013	Ytre Stadlandet skule og barnehage	Høyringsfråsegn
19	I	24.05.2013	SAU Stadlandet oppvekstsenter	Høyringsfråsegn

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
13.05.2013	Høyringsfråsegn	45735
13.05.2013	Høyringsfråsegn	45734
15.05.2013	Høyringsssvar.docx	45816
15.05.2013	Høyringsuttale.docx	45818
15.05.2013	Samarbeidsutvalet ved Stadlandet oppvekstsenter.docx	45836
15.05.2013	uttale frå årsmøte Barmøy bygdelag.docx	45839
15.05.2013	Høyringsuttalelse fra FAU og SU_Skolekretsstruktur i Selje kommune.pdf	45841
12.08.2013	Tilvekst Ytre - 150513 - Oversikt.pdf	45842
15.05.2013	Høyringsbrev om skulekrinsar.doc	45851
15.05.2013	Brev til kommunestyret.docx	45855
24.05.2013	Referat frå møtet i SU 23.docx	46019
03.06.2013	VS: Høyringsuttale frå klubben	46257

## Saka gjeld

Det skal gjerast vedtak om forskrift for skulekrinsar i Selje kommune.

## Opplysningar til saka

Kommunestyret i Selje gjorde i sak 84/12 17.12.2012 vedtak om oppstart av arbeid med forskrift for skulekrinsar i kommunen. Kommunestyret gjorde vedtak omn at desse alternativa skulle utgreiast:

- a. Dei fire skulekrinsane vert oppretthaldne i planperioden med mindre særskilde omsyn gjer det påkrevd med nye vurderingar.
- b. Skulekrinsane i Selje vert vurdert reduserte til tre, og nedlegging av Ytre Stad skule og barnehage (skulen) vert utgreidd for vedtak gjennom forskrift for skulekrinsgrenser i Selje kommune.
- c. Skulekrinsane i Selje vert vurdert reduserte til til tre. Det vert halde fram med å drive skule i to skulebygg i ny Stadlandet skulekrins, der Ytre Stad skule og barnehage (skulen) og Stadlandet Oppvekstsenter (skulen) inngår.
- d. Alle skulane i Selje inngår i ein samla skulekrins.
- e. Selje og Flatraket som ein krins.

Driftsutvalet gjorde 14. mars vedtak i sak 11/13 om eit høyringsbrev med utgreiing av kommunestyret sine alternativ. Høyringsfrist vart sett til 15. mai. I høyringsbrevet var krinsalternativa skisserte slik:

1. Skulekrinsane vert som i dag.
2. Skulekrinsane i kommunen blir reduserte til tre, og elevane ved Ytre Stad skule og barnehage vert overførte til Stadlandet Oppvekstsenter frå 01.08.2014.
3. Skulekrinsane i kommunen blir reduserte til tre, og elevane ved Flatraket skule vert overførte til Selje skule frå 01.08. 2014.



4. Skulekrinsane i kommunen blir reduserte til to, der elevane ved Ytre Stad skule og barnehage vert overførte til Stadlandet Oppvekstsenter og elevane ved Flatraket skule vert overførte til Selje skule. Iverksetjing frå 01.08.2014.

Kommunestyret sitt alternativ c vart til som eit framlegg til å løyse planlagd barnehageutbygging i Stadlandet oppvekstsenter (alternativ til utviding av Leikvang). Gjennom ei omorganisering skulle det gjerast plass for den utvida barnehagedrifta i eksisterande skulelokale i Stadlandet oppvekstsenter. Småskulen skulle samlast i skulebygget på Ytre.

Etter kommunestyret sitt vedtak om å bygge på eksisterande barnehagebygg, valde sakshandsamar å sjå vekk frå dette alternativet (sjå saksutgreiing til høyringsbrevet).

Det vart gjennomført folkemøte på Ytre Stad skule og barnehage og på Flatraket skule.

Det kom inn 10 høyringsuttalar.

Desse instansane har levert høyringsuttale:

FAU Flatraket skule  
SU Flatraket skule  
Selje Venstre  
Utdanningsforbundet ved Flatraket skule  
Barmøy Bygdelag  
FAU og SU ved Ytre Stad skule og barnehage  
Utdanningsforbundet ved Stadlandet oppvekstsenter  
Elevrådet ved Flatraket skule  
SU ved Stadlandet oppvekstsenter  
Utdanningsforbundet ved Ytre Stad skule og barnehage

Høyringsuttalane ligg ved i saka.

#### Samandrag av høyringsuttalane

##### *FAU Flatraket skule:*

Uttalen legg særleg vekt på den forlenga reisetida for elevane. Bortfall av SFO i bygda er også vektlagt. Uttalen peikar også på at Flatraket er ei bygd i vekst. Konklusjonen er at skulen må oppretthaldast.

##### *SU Flatraket skule:*

Uttalen støttar alle punkt i uttalen frå FAU ved skulen.

##### *Selje Venstre:*

Uttalen syner til innspela på folkemøta om samfunnsdelen i kommuneplanen for to år sidan, der skulen vart sterkt prioritert. Her vert det vist til kva som må til for å initiere auka busetnad i bygdene. Uttalen peikar også på at evt. nedlegging av skular gjer vesentleg lengre reisetid for elevane. Konklusjonen er å oppretthalde noverande skulestruktur.

##### *Utdanningsforbundet ved Flatraket skule:*

Uttalen støttar framlegg a, med fire skulekrinsar som i dag.

#### *Barmøy Bygdelag:*

Uttalen syner til kor viktig Flatraket skule er som samlingsfaktor for bygdene i den sørlege delen av kommunen. Vidare peikar uttalen på at Flatraket er ein krins i vekst. Konklusjonen er at Flatraket skule må bestå.

#### *Fau og SU ved Ytre Stad skule og barnehage:*

Uttalen meiner at skulen er sentral for å få utvikling i bygda. Det blir synt til relativt stor tilflytting til krinsen dei seinare åra (uttalen har vedlagd lokal statistikk). Dette syner at framskriving av folketalsstatistikkar ikkje gjev godt grunnlag for prognosar. Uttalen vektlegg særleg den auka reisetida evt. nedlegging vil bety for dei minste elevane. Det vert uttalt at alternativet med småskule på Ytre er interessant. Uttalen slær fast at det finst ei nedre grense for drift av skulen, både kva gjeld elevtal, økonomi og tilbod – men talfestar ikkje slik grense. Konklusjonen er å oppretthalde fire skulekrinsar.

#### *Utdanningsforbundet ved Stadlandet oppvekstsenter:*

Uttalen argumenterer med at ei evt. samanslåing av skular vil binde opp meir tid for rektor – tid som dei tilsette meiner bør prioriterast pedagogisk leing. Uttalen peikar på at det meste av bygningsmassen på Stadlandet oppvekstsenter er gamal og nedsliten. Fleire elevar vil bety større slitasje. Det vert også synt til den lange skulevegen for dei minste elevane ved ei evt. samanslåing av skular. Konklusjonen er at Stadlandet oppvekstsenter og Ytre Stad skule og barnehage ikkje blir samanslegne.

#### *Elevrådet ved Flatraket skule:*

Uttalen peikar på at skulen i dag har eit godt skulemiljø, og at elevane har god plass både inne og ute. Det blir trangare om dei skal gå på Selje skule. Det vert peika på lang skuleveg og auka kostnad viss alle elevane må til Selje skule.

#### *SU ved Stadlandet oppvekstsenter:*

Uttalen syner til at elevrådet har ei uttale om at dei ynskjer at det vert fire skulekrinsar så lenge det er elevgrunnlag på Ytre, og fordi det blir lang skuleveg for minste elevane ved skulenedlegging. Ei uttale frå andre tilsette ved skulen ynskjer oppretthalding av fire skulekrinsar. FAU uttalar at dei ynskjer nedlegging av Ytre Stad skule og barnehage. SU røysta over alternativa a og b, der alternativ b fekk 3 røyster og alternativ a fekk 6 røyster.

#### *Utdanningsforbundet ved Ytre Stad skule og barnehage:*

Uttalen stiller seg bak uttalen frå FAU og SU ved skulen.

#### Folkemøta

Dei elementa/tema som kom fram under ordsifta på folkemøta på Ytre Stad skule og barnehage og på Flatraket skule, er komne fram gjennom høyringsuttalen som er komne inn.

#### **Lover/regelverk**

Opplæringslova

UDir 2-2012

Barnekonvensjonen

#### **Sakshandsamar si vurdering**

Høyringsuttalane og folkemøta støttar det som kom fram under folkemøta på samfunnsdelen i kommuneplanen for to år sidan: folk meiner skulen i bygda er viktig for framtidig vekst og

utvikling i lokalsamfunnet. Med nokre få unntak stør høyringsuttalane oppretthalding av krinsstrukturen slik den er i dag med fire skular. Det er ingen vesentleg nye argument i høyringsuttalane i høve dei aspekt som er tekne med i saksutgreiinga til høyringa. I ei av uttalane vert det argumentert for at alternativ c i kommunestyrevedtaket frå 17.12.2012 må utgreiast vidare som eit reelt alternativ. Dette vart som nemnt også teke opp på folkemøtet på Ytre Stad skule og barnehage.

*Alternativ c: «Skulekrinsane i Selje vert vurdert redusert til tre. Det vert halde fram med å drive skule i to skulebygg i ny Stadlandet skulekrins, der Ytre Stad skule og barnehage (skulen) og Stadlandet oppvekstsenter (skulen) inngår.»*

Sakshandsamar har lenger framme i saksutgreiinga kommentert dette framlegget, og kvifor ein valde å sjå vekk frå det i det vidare arbeidet i saka. Sidan alternativet er nemnt i høyringsuttalar og på folkemøte, vél sakshandsamar å knyte nokre kommentarar til framlegget:

Argumentasjon *for* alternativet i c er vesentleg desse:

1. Dei minste elevane i bygdene på ytre får ikkje så lang skuleveg som viss dei må reise til noverande Stadlandet OS.
2. Ved å samle elevane, får ein større sosiale einingar.
3. Ein får færre undervisningseiningar.

Argumentasjon *mot* alternativ c er m.a. desse:

1. Det er lite å hente reint økonomisk. M.a. må det opprettast ny skulerute som går den andre vegen (vestover om morgonen og attende om ettermiddagen).
2. Det blir lang skuleveg for elevar frå den andre ytterkanten i krinsen (Otnes).
3. Det blir meirarbeid og meir tungrodd å leie og drive ein skule i to lokasjonar med så stor avstand. Dette gjeld både i høve bruk av lærarar, og for rektor å administrere. Lærarar som har to arbeidsstadar, skal ha betalt tid for køyring mellom desse.
4. Fleire elevar må i skulebuss.

Den politiske grunngevinga for å få utgreidd ei evt. endring av krinsgrensene/ nedlegging av ein eller fleire skular, har bakgrunn i kommunen sin økonomiske situasjon. Då bør det kun vere tiltak som får relativt store økonomiske innsparingar, som bør vurderast gjennomførde. Saksutgreiinga peikar på at dei tiltaka som gjev økonomisk innsparingar av betydning, er nedlegging av dei to minste skulane. Her er innsparinga utrekna til om lag 2 millionar kroner for Ytre Stad skule og om lag 3 millionar for Flatraket skule.

Det vert i høyringsuttalen frå FAU/SU ved Ytre Stad skule og barnehage uttalt at det finst ei nedre grense for drift av skulen både kva gjeld elevtal, økonomi og tilbod, men ei slik grense vert ikkje talfesta.

Det vart på eit av folkemøta argumentert for samordning av rektorfunksjonar. Ulempene knytt til det å administrere fleire skular, kan ikkje vegast opp av den relative avgrensa økonomiske innsparinga dette gjev. Ein må her vere klar over at rektorane på dei to minste skulane har om lag halve stillinga som undervisning. Verdien av ein tilstadeverande pedagogiske leiar, er betydeleg for kvaliteten i skulen. Nasjonalt vert det no sett fokus på betydninga av den pedagogiske leiinga, og at det difor må vere tilstrekkelege administrative ressursar i den norske grunnskulen.

Vi opplever i dag at det er svært vanskeleg å rekruttere rektorar. Ein bør difor heller ikkje gjere rektorstillingane så lite attraktive som muleg i utgangspunktet.

## **Konklusjon**

Det må gjerast politisk vedtak om framtidig skulestruktur gjennom vedtak om Lokal forskrift for skulekrinsar i Selje kommune der det i § 2-1, må veljast eit av desse alternativa:

1. Skulekrinsane vert som i dag. Dei geografiske oppdelingane vert som praktisert i dag, og som er skildra i saksutgreiinga.
2. Skulekrinsane i kommunen blir reduserte til tre, og elevane ved Ytre Stad skule og barnehage vert overførte til Stadlandet Oppvekstsenter frå 01.08.2014.
3. Skulekrinsane i kommunen blir reduserte til tre, og elevane ved Flatraket skule vert overførte til Selje skule frå 01.08. 2014.
4. Skulekrinsane i kommunen blir reduserte til to, der elevane ved Ytre Stad skule og barnehage vert overførte til Stadlandet Oppvekstsenter og elevane ved Flatraket skule vert overførte til Selje skule. Iverksetjing frå 01.08.2014.

## **Saksgang**

Kommunestyret gjer vedtak.

## **TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN**

Kommunestyret i Selje gjer vedtak om Lokal forskrift for skulekrinsar i Selje kommune.

Kommunestyret gjer vedtak om kva alternativ som skal nyttast i § 2-1 i forskrifta.

1. Skulekrinsane vert som i dag. Dei geografiske oppdelingane vert som praktisert i dag, og som er skildra i saksutgreiinga.
2. Skulekrinsane i kommunen blir reduserte til tre, og elevane ved Ytre Stad skule og barnehage vert overførte til Stadlandet Oppvekstsenter frå 01.08.2014.
3. Skulekrinsane i kommunen blir reduserte til tre, og elevane ved Flatraket skule vert overførte til Selje skule frå 01.08. 2014.
4. Skulekrinsane i kommunen blir reduserte til to, der elevane ved Ytre Stad skule og barnehage vert overførte til Stadlandet Oppvekstsenter og elevane ved Flatraket skule vert overførte til Selje skule. Iverksetjing frå 01.08.2014.

Utgangspunktet for å formulere kringsrensene er dette:

Dagens skulestruktur er eit resultat av ei rekkje tidlegare skulenedleggingar.

Praktiseringa av geografisk inndeling i høve kva delar av kommunen som tilhøyrer den einskilde krinsen, er i dag slik:

For Ytre Stad skule og barnehage betyr dette området vest for Dalskaret. For Stadlandet Oppvekstsenter betyr det området frå Dalskaret til og med Otnes, samt området frå Leikong til og med Eltvik, bygdene Drage, Fure og Hoddevik. Flatraket skulekrins forstår ein som området frå kommunegrensa til Vågsøy til og med Rundereim, samt Barmen. Øvrige område tilhøyrer i dag Selje skulekrins. Når det

gjeld kva skulekrins ein høyrer til, tek ein utgangspunkt i den adressa eleven står oppført med i Folkeregisteret.

## Lokal forskrift om skulekrinsar i Selje kommune

Gjeldande frå 01.08. 2014

Vedteken av kommunestyret i Selje 11.09.2013

### § 1 Opplæringslova

#### §1.1 Hovudprinsipp

I § 8-1 i Opplæringslova står det:

*Grunnskoleelevane har rett til å gå på den skolen som ligg nærast eller ved den skolen i nærmiljøet som dei soknar til. Kommunen kan gi forskrifter om kva for skole dei ulike områda i kommunen soknar til. Kravet i §38 første leddet bokstav c i forvaltningslova om kunngjering i Norsk Lovtidende gjeld ikkje.*

*Etter søknad kan eleven takast inn på ein annan skole enn den eleven soknar til.*

*Når omsynet til dei andre elevane tilseier det, kan ein elev i særlege tilfelle flyttast til ein annan skole enn den skolen eleven har rett til å gå på etter første leddet. Før det blir gjort vedtak om å flytte ein elev, skal ein ha prøvd andre tiltak. Når det er nødvendig, kan eleven flyttast til ein skole utanfor kommunen, men ikkje slik at eleven må flytte ut av heimen eller at skoleskyssen blir uforsvarleg lang.*

#### §1.2 Andre aktuelle avgjerdsler

I tillegg vil følgjande paragrafar i Opplæringslova kunne verke inn på kva skule ein elev skal gå på:

- a) §2-1 Rett og plikt til grunnskoleopplæring
- b) §9a-1 Generelle krav
- c) §9a-2 Det fysiske miljøet
- d) §9a-3 Det psykososiale miljøet
- e) §15-1 Bruk av forvaltningslova
- f) §15-2 Særlege reglar om klageinstans

### § 2 Om lokal forskrift om skulekrinsar i Selje kommune

Lokal forskrift om skulekrinsar i Selje kommune klargjer kva område i kommunen som soknar til dei ulike skulane – også kalla skulekrinsar. Når det vert gjort vedtak om skuleplass, vert det alltid teke utgangspunkt i den adressa eleven står oppført med i folkeregisteret. Forskrifta har som føremål å syte for faste kringsgrenser som gjev førutseibare oppvekst- og læringsmiljø. Dette skal igjen medverke til å skape tryggleik og gode nettverk for både elevar og foreldre. Lokal forskrift tek stort omsyn til at elevane skal få skulegang på den næraste skulen.

Kommunestyret gjer vedtak om eventuell endring av Lokal forskrift om skulekrinsar i Selje kommune.

#### §2-1 Tal skulekrinsar og geografisk inndeling.

*(Her blir å sette inn underpunkt for kvar av dei vedtekne skulekrinsane etter vedtak i kommunestyret i sak om lokal forskrift for skulekrinsar.)*

### §3 Omfanget av vedtak- og sakshandsamingsrutinane

Rutinane omfattar alle barn som vert omfatta av rett etter Opplæringslova § 2-1, *Rett og plikt til grunnskoleopplæring*. Retten vert utløyst når det er sannsynleg at barnet vil opphalde seg i Norge i minst tre månadar, medan plikta vert utløyst når barnet har budd tre månadar i landet.

Rutinane har hovudvekt på alle tilhøve som vert regulert av Opplæringslova § 8-1, *Skolen*. Det betyr i hovudsak sakshandsamingsrutinar ved vedtak om skuleplassering for nye 1.-klassingar, tilflyttande elevar, handsaming av klager og søknadar om skulegang ved andre skular, samt ved endring av lokal forskrift om skulekrinsar.

### §3.1 Ansvarsfordeling

Rådmann har overordna ansvar for å forvalte denne forskrifta.

Rektor har ansvar for opptak av elevar med bustadadresse innan eigen krins, slik den er definert i denne forskrifta.

Rådmann fattar vedtak i søknadar om å gå på skule utanfor opprinneleg skulekrins, og alle klager i høve denne forskrifta.

### § 4 Første gongs vedtak om skuleplass

Alle elevar får første gongs vedtak om skuleplass ut frå den adressa barnet står registrert med i Folkeregisteret.

#### § 4.1 Vedtak om skuleplass for kommande førsteklasingar

Elevar som tek til på skulen, får tilsendt einskildvedtak om skuleplass etter Opplæringslova § 8-1, første ledd. Vedtak vert gjort og sendt ut frå den skulen som er eleven sin nærskule etter denne forskrifta. Normalt skal det gjerast enkeltvedtak for alle elevar det året eleven fyller 6 år.

#### § 4.2 Vedtak om skuleplass for tilflyttande elevar.

Tilflyttande elevar får tilsendt enkeltvedtak om skuleplass etter Opplæringslova § 8-1, første ledd.

#### § 4.3 Vedtak om skuleplass i annan skulekrins.

Rådmann gjer vedtak om skuleplass i annan skulekrins etter søknad. For at slik søknad skal verte innvilga, skal det føreligge særlege omsyn. Dette gjeld også søknadar på bakgrunn av §9a i Opplæringslova.

#### § 4.4 Byte av skule ved adresseendring

Der flytting blir gjort internt i kommunen frå ein skulekrins til ein annan, skal føresette gje melding til skulen umiddelbart. Ved flytting skal tidlegare skule varsle ny skule etter denne forskrifta. Ny skule skal gjere nytt vedtak om skuleplass.

### § 5 Klagehandsaming

Alle enkeltvedtak om skuleplass og avslag på søknadar om skulegang på annan skule kan påklagast etter Opplæringslova § 15-1 innan tre veker etter motteke vedtak. Rådmann handsamar alle eventuelle klagar på vedtak eller avslag på søknadar om skuleplass. Viss rådmann opprettheld opprinneleg vedtak, vert saka å sende over til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane som fattar endeleg vedtak.

## **Handsaming i Driftsutvalet - 19.08.2013**

7 voterande

**Røysting over alternativ i tilrådinga:**

Alt. 4: 7 røyster mot

Alt. 3: 7 røyster mot

Alt. 2: 1 røyst for og 6 røyster mot

Alt. 1 6 røyster for og 1 røyst mot

**Framlegg frå KRF:**

Alt.1. Skulekrinsane vert som i dag. Dei geografiske oppdelingane vert som praktisert i dag, og som er skildra i saksutgreiinga.

Selje kommune ser utfordringane og problemstillinga med lavt barnekull særskilt ved Ytre stadt skule. Selje kommune vil ikkje på det noverande tidspunkt gjere noko med denne skulen.

Selje kommune tar imot det positive engasjementet som er skissert i høringssvaret frå FAU ved Ytre Stad skule og vil støtte arbeidet med tilflytting.

Selje kommune må som ein ansvarleg skuleeigar fylgje utviklinga av elevtallet særskilt ved Ytre Stad skule. Skulle denne utviklinga gå i negativ lei må kommunen vurdere nedlegging på eit seinare tidspunkt, og vurderinga må gjerast seinast innan 30.10.2016.

**Røysting:**

Framlegg frå KRF fekk 6 røyster for og 1 røyst mot.

**KU-041/13 FRAMLEGG**

Som framlegget frå KRF.



# SELJE KOMMUNE

## SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	19.08.2013	042/13

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Gry Otneim Leikanger	FA-K40	13/96

## Hjortejakta 2013 - Klage på tildeling - Sneide - Enerhaug jaktvald

### Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
15	S	15.08.2013		Hjortejakta 2013 - Klage på tildeling - Teigen-Kjøde, lille jaktvald

### Saka gjeld

Det ligg føre klage på tildeling av hjorteløyve frå jaktvald 1441V0027 Sneide – Enerhaug.

### Opplysningar til saka

Tildeling av hjorteløyve og fastsetjing av fellingsavgift vart handsama i Driftsutvalet i sak 035/13 den 24.06.2013.

I fylgje vedteken tabell fekk Sneide- Enerhaug jaktvald tildelt ein spissbuk og eit hanndyr for hjortejakta 2013. Jaktvaldet Sneide- Enerhaug har eit teljande areal på 2600 da.

Det inneber at ein har gått ut i frå eit teljande på 1300 da pr. dyr jf. regel om å fråvike minstearealet med 50 %.

### Lover/regelverk

Viltlova med føreskrifter (Forskrift om forvaltning av hjortevilt).

### Sakshandsamar si vurdering

Ved tildeling av fellingskvote skal viltforvaltninga i kommunen ta *hensyn til bestandens størrelse, artens levevilkår i det enkelte distrikt og den skade vedkommende art volder jf.*

Viltloven § 18. I tillegg skal ein etter Viltloven § 16 andre ledd, tildele fellingsløyve i samsvar med fastsett minsteareal.

Fellingsløyva vert difor gitt utifrå ei samla vurdering.

Det vart tildelt til saman 174 fellingsløyver fordelt på dei 45 jaktvalda for hjortejakta 2013.

Det er ein sterk reduksjon sett i forhold til 296 tildelte fellingsløyve i 2012, men samsvarar med dei 142 dyra som vart felte under jakta.



Jaktvaldet Sneide – Enerhaug har eit teljande areal på 2600 da og vart tildelt ein spissbukk og eit hanndyr for komande jaktseong. Det inneber at ein har gått ut frå eit teljande areal på 1300 da pr. dyr jf. regel om å fråvike fastsett minsteareal med inntil 50 %. Dette meiner Viltforvaltninga i Selje kommune er ei høveleg tildeling sett i forhold til nedgangen i hjortebestanden i kommunen.

### **Konklusjon**

Klagen vert ikkje imøtekomen.

### **Saksgang**

Dersom klagen vert imøtekomen, stoppar saka i Driftsutvalet med mindre den vert påklaga. Dersom klagen ikkje vert imøtekomen, vert saka sendt til Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

### **TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN**

Klagen frå jaktvaldet Sneide- Enerhaug vert ikkje imøtekomen. Viltforvaltninga i Selje kommune held fast på tildeling av ein spissbukk og eit hanndyr jf. sak 035/13, handsama i Driftsutvalet 24.06.2013.

### **Handsaming i Driftsutvalet - 19.08.2013**

7 voterande

### **Røysting:**

Samrøystes for tilrådinga frå administrasjonen.

### **KU-042/13 VEDTAK**

Klagen frå jaktvaldet Sneide- Enerhaug vert ikkje imøtekomen. Viltforvaltninga i Selje kommune held fast på tildeling av ein spissbukk og eit hanndyr jf. sak 035/13, handsama i Driftsutvalet 24.06.2013.

Samrøystes.

Utskrift til:

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane



# SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	19.08.2013	043/13

Sakshandsamar Gry Otneim Leikanger	Arkiv FA-K40	Arkivsak 13/96
---------------------------------------	-----------------	-------------------

## Hjortejakta 2013 - Klage på tildeling - Teigen-Kjøde, lille jaktvald

### Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
15	S	15.08.2013		Hjortejakta 2013 - Klage på tildeling - Teigen-Kjøde, lille jaktvald

### Saka gjeld

Det ligg føre klage på tildeling av hjorteløyve for hjortejakta 2013 frå jaktvald 1441J0020 Teigen – Kjøde, lille.

### Opplysningar til saka

Minstearealet vart i ny føreskrift vedteken i KU 20.03.2013 sak 019/13, auka til 1400 da, med unnatak til Barmen der minstearealet er sett til 700 da. Ved tildeling av fellingsløyve, kan minstearealet fråvikast med inntil 50 % jf. Forskrift for hjortevilt og bever § 9.

Tildeling av hjorteløyve og fastsetjing av fellingsavgift vart handsama i Driftsutvalet i sak 035/13 den 24.06.2013.

### Lover/regelverk

Viltlova med føreskrifter (Forskrift om forvaltning av hjortevilt).

### Sakshandsamar si vurdering

Ved tildeling av fellingskvote skal viltforvaltninga i kommunen ta *hensyn til bestandens størrelse, artens levevilkår i det enkelte distrikt og den skade vedkommende art volder jf.*

Viltloven § 18. I tillegg skal ein etter Viltloven § 16 andre ledd, tildele fellingsløyve i samsvar med fastsett minsteareal.

Fellingsløyva vert difor gitt utifrå ei samla vurdering.

Det vart tildelt til saman 174 fellingsløyver fordelt på dei 45 jaktvalda for hjortejakta 2013.

Det er ein sterk reduksjon sett i forhold til 296 tildelte fellingsløyve i 2012, men 174 fellingsløyve samsvarar med dei 142 dyra som vart felte under jakta i 2012.

Jaktvaldet Teigen- Kjøde, lille har eit teljande areal på 2400 da og vart tildelt ein kalv og eit hodyr for komande jaktseason. Det inneber at ein har gått ut frå eit teljande areal på 1200 da pr. dyr jf. regel om å fråvike fastsett minsteareal med inntil 50 %. Dette meiner Viltforvaltninga i Selje kommune er ei høveleg tildeling sett i forhold til nedgangen i hjortebestanden i kommunen.

### **Konklusjon**

Klagen vert ikkje imøtekomen.

### **Saksgang**

Dersom søknaden vert imøtekomen, stoppar saka opp i med mindre den vert påklaga.

Dersom klagen ikkje vert imøtekomen, vert saka sendt til Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

### **TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN**

Klagen frå jaktvald 1441J0020 Teigen – Kjøde, lille vert ikkje imøtekomen. Selje kommune opprettheld sitt vedtak om tildeling av ein kalv og eit hodyr for jaktseasonen 2013 jf. DKU sak 035/13.

### **Handsaming i Driftsutvalet - 19.08.2013**

7 voterande

### **Røysting:**

Samrøystes for tilrådinga frå administrasjonen.

### **KU-043/13 VEDTAK**

Klagen frå jaktvald 1441J0020 Teigen – Kjøde, lille vert ikkje imøtekomen. Selje kommune opprettheld sitt vedtak om tildeling av ein kalv og eit hodyr for jaktseasonen 2013 jf. DKU sak 035/13.

Samrøystes.

Utskrift til:

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane



# SELJE KOMMUNE

## SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	19.08.2013	044/13

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Gry Otneim Leikanger	FA-K40	13/96

## Hjortejakta 2013 - Klage på tildeling - Borgundvåg vald og Tungevåg vald

### Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
15	S	15.08.2013		Hjortejakta 2013 - Klage på tildeling - Teigen-Kjøde, lille jaktvald

### Saka gjeld

Det ligg føre klage på tildeling av hjorteløyve frå jaktvalda 1441V0007 Borgundvåg og 1441V0005 Tungevåg.

### Opplysningar til saka

Tildeling av hjorteløyve og fastsetjing av fellingsavgift vart handsama i Driftsutvalet i sak 035/13 den 24.06.2013.

I fylgje vedteken tabell fekk Borgundvåg jaktvald tildelt ein kalv og Tungevåg jaktvald fekk tildelt eit hodyr og ein spissbuk.

### Lover/regelverk

Viltlova med føreskrifter (Forskrift om forvaltning av hjortevilt).

### Sakshandsamar si vurdering

I klagen har leiar for dei to jaktvalda påpeika at det er knapp tildeling sett i forhold til minstearealet, som etter ny, vedteken føreskrift er sett 1400 da jf. KU 20.03.2013 sak 019/13. Når det gjeld Borgundvåg jaktvald, har ein ved ein feil ikkje fått med i tabellen at valdet i tillegg var tildelt eit hodyr. Rett tildeling vert her ein kalv og eit hodyr. Dette meiner vi er ei rimeleg tildeling for valdet som har eit teljande areal på 3550 da.

Tungevåg jaktvald har eit teljande areal på 5000 da og sakshandsamar er samd i at to dyr, ein spissbuk og ei kolle er ei knapp tildeling. Ein tilrår difor at ein endrar fellingsløyvet til ei kolle og to spissbukkar. Det utgjer eit teljande areal på 1667 da pr. dyr, som Viltforvaltninga i Selje kommune meiner er høveleg sett i forhold til nedgangen i hjortebestanden.

## **Konklusjon**

Klagen vert imøtekomen.

## **Saksgang**

Dersom klagen vert imøtekomen, stoppar saka i Driftsutvalet med mindre den vert påklaga. Dersom klagen ikkje vert imøtekomen, vert saka sendt til Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

## **TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN**

Klagen frå leiaren for jaktvalda Borgundvåg og Tungevåg vert imøtekomen. Tungevåg jaktvald får tildelt ein ekstra spissbukk og får løyve til å felle ei kolle og to spissbukkar. Borgundvåg jaktvald får løyve til å felle ei kolle og ein kalv i komande jakt sesong.

## **Handsaming i Driftsutvalet - 19.08.2013**

7 voterande

## **Røysting:**

Samrøystes for tilrådinga frå administrasjonen.

## **KU-044/13 VEDTAK**

Klagen frå leiaren for jaktvalda Borgundvåg og Tungevåg vert imøtekomen. Tungevåg jaktvald får tildelt ein ekstra spissbukk og får løyve til å felle ei kolle og to spissbukkar. Borgundvåg jaktvald får løyve til å felle ei kolle og ein kalv i komande jakt sesong.

Samrøystes.

Utskrift til:

Utskrift til:

Leiar for Borgundvåg jaktvald / Tungevåg jaktvald



# SELJE KOMMUNE

## SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	19.08.2013	045/13

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Terje Nybakk	FA-Q14	13/115

## Standardheving kommunale vegar 2013. Evt. ekstra asfaltlegging

### Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
4	U	30.05.2013	Doffin	Anbud, Asfaltering kommunale vegar - 2013.
5	U	11.06.2013	Linda Vetrhus; Dag Rune Gjengedal; Arve-Martin Husevåg; Kenneth Pedersen; Trude Rundereim; Kjetil Vetrhus; Tore Ola Sundal; Kristian Nydal; Roger Nygård; Wanda Van Den Branden; Vegard Kvernevik	Asfaltlegging, bustadfelt Flatraket
6	U	13.06.2013	Driftsutvalet	Skade, Vestkappvegen - Omdisponering av midlar
10	I	20.06.2013	Selje kommune	Anskaffelsesprotokoll-asfalt-2013
9	I	20.06.2013	Selje kommune	Åpningsprotokoll, tilbod - asfalt-13
8	I	20.06.2013	NCC Roads AS	Tilbod, asfalt
7	I	20.06.2013	Kolo Veidekke	Tilbod, dekkelegging
11	U	21.06.2013	Olav Lid; Solstrand Sonja (NO)	Anskaffelsesprotokoll-asfalt-2013
13	I	02.07.2013	Trude Rundereim og Kenneth Pedersen	Asfaltlegging - gbnr 89/140
12	I	04.07.2013	Jannicke Nygård og Kristian Nydal	Asfaltlegging - Bustadfelt Flatraket
14	I	10.07.2013	Arve Martin Husevåg	Asfaltering, tilbakemelding - gbnr.89/138
15	I	12.07.2013	Linda Vetrhus	Uttale til asfaltering - gbnr. 89/136
18	U	21.08.2013	55 mottakere...	Asfaltlegging, byggefelt i Haugane

17 U 21.08.2013 Linda Vetrhus; Asfaltlegging, bustadfelt Flatraket  
Arve-Martin Husevåg;  
Dag Rune Gjengedal;  
Kenneth Pedersen;  
Kjetil Vetrhus;  
Kristian Nydal;  
Tore Ola Sundal;  
Roger Nygård;  
Trude Rundereim;  
Vegard Kvernevik;  
Wanda Van Den Branden

### Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
19.08.2013	Kart, Haugane.sør-øvre.pdf	48100
19.08.2013	Byggef. Flatraket.alt.2.pdf	48101

### Saka gjeld

Ekstralegging, asfalt, kommunale vegar 2013.

### Opplysningar til saka

Grunna gunstige einingsprisar på asfalt, ligg det an til at kommunen kan legge noko meir asfaltdekke på vegane enn vedteke i KU-sak 024/13.

Det er snakk om evt. ekstra legging for +/- 150.000 kroner.

### Sakshandsamar si vurdering

Med bakgrunn i vedtaket i KU-saka og tidlegare sak om asfaltering i ma. byggefeltet på Flatraket, 1. del, vert det gjort framlegg om legging på fylgjande vegstrekningar:

1. Byggefelt i Haugane, ei strekning på om lag 200 i øvre/søndre del av byggefeltet.  
(Stort behov. Når vi fyrst er i området, vil det også vere fornuftig)
2. Fyrste del av byggefeltet på Flatraket inkl. øverste veg der dei fleste tomtene er utbygde.

Når det gjeld byggefeltet på Flatraket, vurderer sakshandsamar det slik at kommunen har full rett til å legge asfalt i dei områda av eit byggefelt som er heilt eller delvis utbygdt, og å krevje refusjon for dette. Det bør då berre krevjast refusjon frå dei oppsitjarane som får dekkelagt vegen framfor tomtene sine. I dette høvet er det snakk om 6 tomteeigarar.

### Kostnader:

- |   |                       |
|---|-----------------------|
| 1. 200m x 4,25m x 0,120kg/m <sup>2</sup> x 847 kr/tonn =                  | kr. 90.000,-          |
| 2. (160m x 4,75m x 90m x 3,5m) x ,100 kg/m <sup>2</sup> x 1050 kr/tonn =  | kr. 113.000,-         |
| Avretting, kr. 30 pr. m <sup>2</sup> = (160m x 4,75m x 90m x 3,5m) x 30 = | kr. 32.000,-          |
| <u>Minus refusjonsbeløp for 6 tomter à kr. 13.500,- =</u>                 | <u>- kr. 81.000,-</u> |
| <u>Totalkostnad, ekstralegging:</u>                                       | <u>kr. 154.000,-</u>  |

### Konklusjon

Tilrår ekstralegging i samsvar med vurderinga ovanfor.

## **Saksgang**

Endeleg vedtak i driftsutvalet

### **TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN**

Det vert å legge ekstra dekke på kommunale vegar i samsvar med saksutgreiinga.

### **Handsaming i Driftsutvalet - 19.08.2013**

7 voterande

#### **Røysting:**

Tilråding frå administrasjonen fekk 7 røyster for. Samrøystes.

### **KU-045/13 VEDTAK**

Det vert å legge ekstra dekke på kommunale vegar i samsvar med saksutgreiinga.

Samrøystes.

Utskrift til:

Oppsitjarane bustadfelt Flatraket



